



Maria dirigerer fotografen for snart 5 år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I august vil det vera 5 år sidan Maria Malmsten overtok dirigentjobben i vårt alles kjære kor Røyserett for alle. Det er eit langt samliv med ein vulkan, men både songarar, fans og andre vil nok konkludera med at det har vore eit spennande og stimulerande samliv.**

**Og på laurdagskvelden, i øvingsstaden Helgheim, blir det eit nytt heftig møte.**



Mor og dotter spelar i Helgheim - på laurdag møter vi begge igjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tida er ikkje inne til å gjera opp ein slags status, men det er på sin plass med eit oppsummerande miniportrett. Kven er ho egentleg? Ho er frå Sønnasjøbygda sju mil nord for Østersund og sist sommar var ho ikkje snauare enn at ho sykla og gjekk 100 mil frå heimstaden i Sverige til den nye heimstaden på Stord.

Ho vaks opp i eit arbeidsmiljø og det er mest rallarar og fløyttarar i slekta. Egentleg ville ho jobba med dyr, men så vart ho solist i eit jenterockeband og med i ei visegruppe. Det vart meir og meir musikk og via ein folkehøgskule hamna ho på Konservatoriet i Bergen. Ho vart bergteken både av byen og ein gitarist og lærar som heitte Einar Vagleik Steinkopf. Både han og dottera Toril Eirun vil vi få møta under vårkonserten.

Ho og Einar stranda på Stord fordi han fekk jobb på den vidaregåande skulen. Kva ho har gjort der oppigjennom åra kan fylla ei heil avisside, for ho har ikkje berre dirigert ei rekkje kor men også gleda mange med si klokkeklare røyst. Etterkvart stranda ho også i Kvinnherad og det bør vi gleda oss over.

Mange ord har vore nytta for å karakterisera henne. Songarane vil sikkert slutta seg til hennar eigen karakteristikk. Ho meiner sjølv at ho er fleksibel, energisk og har pågangsmot. Dei vil nok leggja til at ho også er inspirerende, fargeirik, frekk, frodig, kreativ og kunnskapsrik.

Både dei og vi som nyt kreativiteten håpar at vi får behalda henne lenge. Då vi introduserte henne for snart 5 år sidan sa ho, litt sjølvkritisk, at ho gjorde mykje av seg. Det bør ho halda fram med!

Av Ola Matti Mathisen



# RØYSTERETT FOR ALLE VÅRKONSERT

I HELGHEIM, LAURDAG DEN 19. MARS KL 1800

DIRIGENT MARIA MALMSTEN

## SAMAN MED:

Tiril Eirun Einarsdotter, song og  
fiolin, og Einar Steinkopf gitar.

## Musikarar:

Lars Storegjerde, Jan Arthur Kalsaas  
og Ove Eikemo

Inngong: Kr 150/50 – familie Kr 300

